



INNHOLD

	side
* Leder	2
* Andakt	3
* Hvem er Frontiers?	4
* Program for Landsmøtet	8
* Påmelding til Landsmøtet	9
* Kandidater til Landsstyret	10
* 30 dagers bønn for muslimer	12
* Årsmelding for SMR 2018	13

ORGAN FOR SYKEPLEIERNES MISJONSRING
Nr. 2 • 88. ÅRG. • 2019



MOTTO: HANS HERLIGHET TIL PRIS. EF. 1,12

Leder

I tru på og med tru for

I dette bladet kan de lesa mykje stoff om landsmøtet som skal vera på Stemnestaden, Grinde, utanfor Haugesund, 13.-16. juni. Programmet blir presentert, og vi håpar mange kan koma! Vi får møta representantar frå misjonsarbeid i ulike land, og vi gler oss til fellesskap både gjennom tale, sang og bønn. Det er viktig å møtast, både for å høyra meir om misjonsprosjekt som vi støttar og ber for, og for å fornya vennskap og felles ansvar for arbeidet. Gruppa frå Haugesund og Vindafjord har arbeidd lenge for å leggja ting til rette. Dei vil syta for at alle som kjem med fly og buss skal bli henta og køyrt til Stemnestaden.

Det er Aud Karin Kjølvik Ringvoll som skal halda bibeltimane. Ho er personalleiar i Indremisjonsforbundet og ein talar mange set pris på. Temaet er tru. Det er mange måtar å snakka om tru på. Når eg skriv dette, er det påske. Avisene Dagen og Vårt land har spurt folk om dei trur på Jesu oppstandelse. Svara varierer. Men ca 1/3 svarar at dei trur – med litt ulik tolking av kva det betyr å tru på. I ein av påskesalmane syng vi: «Ja, eg tror på korsets gåte, gjør det Herre ved din nåde.» For å kunna tru på evangeliet, treng vi at Gud gir oss hjelp og nåde til å tru.

Vi kan også snakka om å ha tru for noko – å ha ein visjon. Det treng vi som drivkraft og motivasjon for livet og tenesta. Vi kan og snakka om å vera tru i – å vera trufast. Det har mange medlemmer av SMR vist at dei er; vi har igjen fått eksempel på dette når medlemspengar og gåver er sendt til kontoret på nyåret. Også testamentariske gåver og minnegåver er eksempel på dette. De kan lesa meir om rekneskap og kva for misjonsprosjekt som har fått støtte på grunn av gåvene som er gitt siste år og tidlegare. Vi i styret vil gjerne takka alle som held fram med å møtast i gruppene, eller held fram i bøn og med å gi sjølv om alderen er høg og helsa sviktar.

På landsmøtet skal det velgast nytt styre. Dei fleste i det noverande styret har sagt ja til gjennvalg, men eg har funne det best å gi ansvaret vidare. Derfor vil eg gjerne takka for meg, sjølv om eg ikkje har møtt så mange av dykk, kjenner eg på eit visst fellesskap likevel. Håpar vi sjåast på landsmøtet!

Desse gamle song-versa, skrive på slutten av atten-hundre talet seier meir om kva tru kan vera:

Å tro det er å slippe sin egen herlighet Å tro det er å tage sin Frelser fast i hånd
Og fly til nådens klippe, Til Jesu kjærlighet Og vandre alle dage veiledet av hans Ånd

Helsing Reidun Haugen Dalseth

Andakt

Bønn, Tro og Tvil

Det er en fortelling i Bibelen som jeg er spesielt glad i og som gir meg trøst og oppmuntring. Fortellingen står i Ap.gj. kap. 12. 5 – 19 hvor vi leser om da Peter ble ført ut av fengselet.

Det var ei gruppe av Peters venner som var samlet til bønn for han i hjemmet til en kvinne ved navn Maria. Jeg kan tenke meg hvordan disse kjære vennene hadde det da Peter ble satt i fengsel under så sterk bevoktning at han overhodet ikke skulle ha noen mulighet til å rømme. I tillegg til soldatene som vokter han dag og natt var han også lenket. Men menigheten bad om at det umulige menneskelig sett skulle skje. Jeg lurer på om de som var samlet der også hadde et snev av tvil på at Peter virkelig skulle bli fri lenkene og komme tilbake til dem. Jeg synes å kjenne meg igjen i situasjoner hvor vi ber og egentlig forventer at under skal skje, men så kommer det menneskelige inn og «sier» nei, hvordan skal et slikt under skje.

Peter selv sov med en soldat på hver side av seg og så skjedde det at Gud sendte en engel til han og bad han om å stå opp, kle på seg og følge han. Peter gjorde som Herrens engel befalte han, men han trodde at han så et syn. Selv Peter skjønnte ikke at dette var virkelighet før han var ute av fengselet.

Hjemme hos Maria, mens de var i bønn, så banket Peter på døren for han gikk rett dit da han hadde kommet ut i frihet. Det som skjer når Rode går for å åpne er at hun blir så glad over å gjenkjenne Peters stemme at hun glemmer å åpne!! Hun sprang tilbake til de andre som var samlet og fortalte ivrig at Peter står utenfor. Reaksjonen blant de andre er så menneskelig da de sier: «Du er fra sans og samling». Det sier meg at de hadde bedt, men samtidig så hadde de nok en tvil om at Gud kunne høre deres bønn. De ble forskrekket da de så Peter.

Hvilken stor og trofast Gud vi har som hører våre bønner og gjør under og mirakler på tross av vår ufullkommenhet og tro blandet med tvil!! Det er nok mange ganger at troen ikke er så stor, men da er det godt å ta til seg Guds løfter som f.eks. «-har dere tro som et sennepskorn, da kan dere si til dette fjell: Flytt deg derfra og dit og det skal flytte seg og intet skal være umulig for dere» matt.17.20

Gud er den samme i dag så vi må bare være trofaste i bønnetjenesten!!!

Solveig Granseth

Frontiers er med på bønnekortet vårt, men hvem er de?



***Med kjærlighet og respekt invitere alle muslimske folkegrupper til å følge Jesus!
Frontiers fokus er å leve blant muslimer på steder hvor ingen tidligere har gjort Jesus kjent.***

SMR både ber for - og støtter Frontiers i deres arbeid blant muslimer. Vi leser på nettsidene deres: Et stigende antall muslimer velger å følge Jesus. De fleste, ja faktisk nesten alle, Jesus-bevegelser blant muslimer har funnet sted i det 21. århundre! Noe svært bemerkelsesverdig er i ferd med å skje i vår generasjon.

Vi svarer på Guds høyeste ønske for alle folkeslag og Guds kall til å være en velsignelse for alle, til verdens ende. Vår rolle i dette er å leve ut Jesu kjærlighet i muslimske nabolag. Dette gjør vi

gjennom å identifisere oss med muslimer og invitere dem til å følge verdens Frelser i deres nabolag og sosiale nettverk, og ikke ved å «konvertere» dem til en fremmed religion eller kultur.

Vår tjeneste er forskjellig på forskjellige steder, men uansett hvor vi er så er det våre kjerneverdier som gir retning til vår tilnærming i vår tjeneste. Men den muslimske verden er meget mangeartert og hvert team må selv finne ut hvordan det best på sitt sted kan følge Guds kall til seg.

Kjerneverdier

Muslimer

Nesten en fjerdedel av verdens befolkning er muslimer og de aller fleste har aldri møtt en etterfølger av Jesus. Vårt fokus er på det å leve sammen med muslimer på steder hvor ingen tidligere har gjort Jesus kjent.

Nærmiljø

Vi vil se folk forvandlet av Jesus i fellesskap som tilber Jesus og som er lokalt ledet og utrustet til å vokse og multiplisere seg selv.

Teamarbeid

Likesinnede folk forent rundt en felles visjon kan oppnå mye mer enn enkeltpersoner. Team gir gjensidig støtte og kompletterer den enkeltes gaver. Det er den måten å arbeide på som har gitt mest frukt.

Innovasjon

Team har frihet til å søke Guds visdom og ledelse for deres egen, spesifikke situasjon. Beslutninger tas nærmest mulig til der hvor tingene skjer!

Vekst

Vi legger stor vekt på opplæring, veiledning og ansvarlighold gitt av erfarne folk slik at yngre og mindre erfarne folk kan trives og utvikle deres gudgitte potensiale.

Nåde

Vi er spleiset sammen i vår forpliktelse på å leve i tråd med bibelsk sannhet, men søker å være nådige i forhold til forskjeller og mangfold i vårt fellesskap. Les vår trosbekjennelse.

Partnerskap

Vi tror at det er menighetens ansvar å sende mennesker ut, så vi setter partnerskap med hjemmemenigheten til de som sendes ut svært høyt.

Noen menigheter får visjonen å sende ut hele team for å tjene Herren i den muslimske verden, og vi er begeistret over å kunne tjene og støtte dem i å virkeliggjøre dette.



Vi er forpliktet til å arbeide i partnerskap med andre misjonsorganisasjoner.

”Hvis du er på utkikk etter en partner som er klar til å utruste deg og din menighet til tjeneste i den muslimske verden trenger du ikke se lengre. Frontiers er hva du ser etter.”
(Paul Borthwick, forfatter og professor, Gordon Conwell Theological Seminary)

”Jeg har lært meg til å sette stor pris på den tjenesten Frontiers har, og den missiologiske og strategiske kompetanse Frontiers representerer.”
(Rolf Kjøde, tidl. generalsekretær i Normisjon)

Velsignelse

Gud har velsignet Frontiers siden dens begynnelse i 1983. Resultatet vises gjennom team som har vært instrumental i fremveksten av et stigende antall menighetsfellesskap av muslimsk bakgrunn Jesus-troende i den muslimske verden, på steder hvor det var lite eller ingen kristent nærvær. I dag har Frontiers 1250 arbeidere i et bredt spekter av yrker i omtrent 250 team bosatt i over 50 av verdens nasjoner.

Læring

Mye av fremgangen til Frontiers skyldes villigheten til å ta lærdom av feil, og til å identifisere og fremme praksiser som teamene har funnet å være til god hjelp. Læringen har blitt styrket av det å være et kulturelt mangfoldig nettverk med over 30 sendebaser.

(Bildet og mesteparten av teksten er hentet fra Frontiers sin nettside. Ønsker du å lære mer om dem, besøk dem på www.frontiers.no)

Landsmøte 13. - 16. juni 2019

Tema: Tro

Bibeltimholder: Aud Karin Kjølberg Ringvoll



Velkommen til Landsmøte på Stemnestaden 13. - 16. juni 2019

Stemnestaden ligger idyllisk til innerst i Skjoldafjorden omkranset av fjell og skog. Store plener og lett adkomst til sjøen, lunt avskjermet fra trafikk og annen ferdsel. Stemnestaden ligg 14 km fra Haugesund og 2 km fra Akسدal der Kyststamvegen og Haukelivegen møtes.

Aud Karin Kjølberg Ringvoll skal være taler på årets landsmøte. På bibeltimen fredag vil Aud Karin snakke om "Troens hovedperson", og på lørdag om "Når troen utfordres".

Hun vil også delta på kveldsamlingene og vi gleder oss til å bli bedre kjent med henne og høre hva hun forkynner. Dette er åpne møter, så inviter med deg også de som ikke skal være med på hele landsmøtet til disse møtene. Ta med Aud Karin i bønn.



Aud Karin Kjølberg Ringvoll bor i Kristiansand, nærmere bestemt i Vågsbygd sammen med sin ektemann Ragnar. De er aktive i bedehusforsamlingen i Flekkerøy. Hun er utdannet lærer og har jobbet med forkynnelse, undervisning og veiledning. Hun jobber nå som personalleder i Indremisjonsforbundet (IMF) og har hatt forskjellige stillinger i IMF siden 1996.

INNKALLING TIL LANDSMØTE 13.-16. juni 2019

på Stemnestaden, Grinde

Saksliste

- Sak 1.19: Godkjenning av innkalling til Landsmøtet
- Sak 2.19: Valg av ordstyrer(e)
- Sak 3.19: Valg av referenter (2) og tellekorps (3)
- Sak 4.19: Navneopprop
- Sak 5.19: Godkjenning av saksliste
- Sak 6.19: Oppnevning av 2 representanter som skal underskrive protokollen
- Sak 7.19: Treårsmelding
- Sak 8.19: Treårsregnskap
- Sak 9.19: Markering av 100 års Jubileum
 - Arrangement
 - Jubileumsnummer eller Jubileumsskrift
- Sak 10.19: Valg av landsstyreleder og landsstyre
- Sak 11.19: Samtale om SMR's arbeid videre

For å ha stemmerett på landsmøtet må du ha betalt kontingent **kr 400,-**
Betales til SMR sin konto **1609.51.13676**

Påmeldingsavgiften på **kr 250,-** til landsmøtet skal også betales til denne konto.
Resten av landsmøtet betales direkte til leirstedet ved ankomst.

Program: Landsmøtet 2019. Tema: TRO

TORS DAG 13. JUNI

- 14:00 **Registrering starter**, kaffe og enkel servering,
18:30 Kveldsmat
19:30 **Åpningsmøte – åpent for alle**
Aud Karin Kjølvik Ringvoll (AKKR) taler
Hilsen fra ordfører i Tysvær, hovedkomiteen og leirsted
Sang og musikk
Kveldskaffe

FREDAG 14. JUNI

- 07:45 **Morgenbønn**
08-09 Frokost
9:30 **Bibeltid** v/ AKKR (åpent)
Evt. Korte innslag fra misjonærer

10:45 Kaffe/te
11:15 **Forhandlingsmøte** (for SMR medlemmer)
14:00 Middag
15:30 **Forhandlingsmøte** fortsetter
18:00 Kveldsmat
19:30 **Misjonsmøte – åpent for alle**
Sang
Intervju og innslag med Kristin fra Jordan og Kristin fra Israel
Kveldskaffe

LØRDAG 15. JUNI

- 07:45 **Morgenbønn**
08-09 Frokost
9:30 **Bibeltid** v/AKKR (åpent)
11:00 **Avreise tur til Karmøy**, med bl.a.; Harald-støtten og
Avaldsnes kirke, Guide: Geir Toskedal
Lunsj på Karmøy Folkehøyskole (klokken 13)
(14:00 Lunsj for de som ikke er med på Karmøytur)
17:30 **Festmiddag med gjester** (må være meldt på)
19:00 **Festkveld – åpent for alle**
Festtale ved Turid Dahl
Flaggborg
Misjonærer deltar
Misjonskollekt
Sang og musikk
Kaffe & dessertbord

SØNDAG 16. JUNI

- 9:00 **Morgenbønn**
9:30 Frokost
11:00 **Gudstjeneste i Aksdal kirke**
v/Gjermund Lygre
Misjonærer og utsendinger presenteres
Hilsen fra SMR leder
13:30 Middag med kaffe
Avslutning

Påmelding til landsmøtet 2019



Fornavn: _____

Etternavn: _____

E-post: _____

Mobilnr.: _____

Adresse: _____

Postnr./-sted: _____

Påmeldingsavgift*

Kr. 250,- betales til konto **1609.51.13676** eller på **Vipps: 560952** ved påmelding.

*Refunderes ikke ved avbestilling.

Overnatting (Sett bare ett kryss)

Stemnestaden

Fullpensjon i enkeltrom Kr. 2.555,- Fullpensjon i dobbeltrom Kr. 2.180,-

Aksadal Motell

Fullpensjon i enkeltrom Kr. 3.000,- Fullpensjon i dobbeltrom Kr. 2.100,-

Påmelding kan skje på skjema på www.misjonsringen.no eller ved å sende dette skjema til SMR, Lovisenberggt 15A, 0456 Oslo.

Kandidater til Landsstyrevalg



Landsstyreleder kandidat: Torunn Tvedt f.1951. Har sittet i Landsstyret i to perioder (6 år). Mitt hjerte ble tidlig i barneårene grepet av misjon, spesielt ytre misjon. Mor var med i en SMR forening som støttet opp gjennom bønn og økonomisk for sykepleiere som reiste ut til andre land og gjorde tjeneste for misjonen. Jeg tok sykepleien som godt voksen. Målet var da å melde meg inn i Sykepleiernes Misjonsring. «Gå derfor ut» sier Jesus, det betyr at vi skal bevege oss! SMR er først og fremst en bønneorganisasjon for misjonssøstre ute på misjonsmarken. Gir også økonomisk støtte til misjonsprosjekter.



Landsstyrekandidat: Ester Nygaard Røen, født 1957, har lang fartstid innen SMR. Var medlem alt som sykepleie-elev. Noen av årene siden da har jeg stått på bønnekortet som utsendt misjonær, og har tjenestegjort i Den Sentralafrikanske Republikk og Kamerun. Deretter fulgte noen tiår i arbeid som helsesøster, senere fengselshelsetjeneste og flyktinghelsetjeneste i Trondheim kommune. I dag jobber jeg som regionleder for KIA (Kristent Interkulturelt Arbeid) i Trøndelag. Som mulig kandidat til landsstyret for SMR ønsker jeg å være med å forme SMRs profil, så vår sammenheng, uten å glemme tradisjoner og stolt historie kan videreutvikle gode strategier for møtet med nåtidens krav til fungering, kommunikasjon og ivaretagelse av våre oppgaver og vårt verdigrunnlag.



Landstyrekandidat: Joy Ingrid Gullestad Røyseland født i 1952 i Chicago, Illinois USA. Jeg bodde der til 1968. Salem Evangelical Free Church var vårt faste holdepunkt. Det ble lagt vekt på misjon. Jeg har alltid vært opptatt av det. Jeg er utdannet ved Diakonhjemmet på første kull med ny ordning (startet1971) Jeg har 4,5 års diakon utd. Jeg er med i Peru forening i Kvås. Da jeg flyttet til Kvås i 1990 ble jeg med på SMR møtene. De senere år har jeg vært formann i Lyngdals gruppe. Jeg syns det lokale felleskap er veldig viktig. Jeg er gift og bor på en heiegård. Jeg har 4 barn og 5 barnebarn.



Landsstyrekandidat: Marit Hovde Syltebø Fødselsår: 1952. Arbeidserfaring i Norge og andre land: Har jobbet som sykepleier og som leder i kommunehelsetjenesten i mange år. Fra 2013 hos Fylkesmannen i Møre og Romsdal. Vel to år engasjert for Kirkens Nødhjelp i Sør-Sudan. Engasjement i SMR og misjonsarbeid: Er ny medlem i SMR fra 2015. Har vært engasjert i Det Norske Misjonsselskap i mange år. Værtmedlem/leder i forening, medlem i områdeutvalg, kretsstyre og landsstyre. Hva ønsker du å bidra med i SMR-styret? Være til støtte for administrasjonen og bidra til en positiv utvikling.



Landsstyrekandidat: Solveig Granseth F. 1947
Arbeidserfaring i Norge: Jordmor. Høgskolelærer /studieleder ved tidligere Høgskolen i Gjøvik, nå NTNU Gjøvik siden 1987. Akkurat blitt pensjonist. Misjonsarbeid og engasjement i SMR: Misjonær for PYM i 3 perioder i Kenya. Jobbet som jordmor og sykepleier. I den siste perioden var jeg prosjektleder for et helseprosjekt. Jeg var med i SMR gruppen på Gjøvik. Jeg ønsker å være en støttespiller i SMR sitt viktige arbeid. Det vil være viktig for meg å lytte til behovene som våre misjonærer og samarbeidspartnere meddeler oss. Jeg vil være åpen for nytenking i arbeidet både hjemme og ute.

30 dagers bønn for muslimer

Velkommen til 2019-utgaven av

30 dagers bønn for verdens muslimer

Deltakelsen i 30 dagers bønn for verdens muslimer har vokst i løpet av de siste årene. Ettersom flere titalls nye språkgrupper og troende over hele verden er med i bønneaksjonen, har vi lagt vekt på at innholdet skal avspeile vårt verdensvide fellesskap. I år har det vært oppmuntrende å motta bidrag fra hele det afrikanske kontinent, fra fjerntliggende steder i Kina, fra små byer i Nord-Amerika og fra øyer nær ekvator. Den muslimske verden inkluderer et stort mangfold, og vi forsøker å vise deg som leser noe av dette mangfoldet i denne guiden. Målet er at dine bønner kan spenne vidt og bredt, basert på god innsikt i menneskers liv. Du er knyttet til mangfoldet av hva Gud gjør blant mange ulike folkeslag. Vårt team blir alltid imponert over de ulike måtene våre bidragsyttere deler hva som er viktig for folkegruppene de bor blant. Vi håper at deres historier og de nydelige inntrykkene de deler vil inspirere deg til å be med innsikt og oppriktighet for muslimer over hele jorden.

Gjestfrihet i den muslimske verden

Gjestfrihet er viktig, ja nesten en sentral del av islamsk kultur. Det å tilby vennlighet og generøsitet til gjester betraktes som en plikt til Gud. Derfor tenker mange muslimer at det å hedre og ønske gjester velkommen er ensbetydende med å ønske Gud velkommen.

Gjestfrihet uttrykkes på ulike måter i ulike kulturer, men over hele den muslimske verden praktiseres gjestfrihet med stor generøsitet og selvooppofrelse. Uansett hvor lite en måtte eie er det en æressak å dele med ens gjester.



Vi inviterte våre bidragsyttere til å fortelle oss hva gjestfrihet innebærer i de muslimske folkegruppene de lever blant. Mat spiller naturligvis en avgjørende rolle, og vi advarer allerede deg som leser om at noen av disse historiene kan komme til å gjøre deg sulten! Selv i løpet av fastemånedens Ramadan, når fasting er i fokus, er de festmåltidene som finner sted etter solnedgang hver dag overdådige og delt med mange.

Gjestfrihet bringer folk sammen. Den inviterer oss til å samtale med hverandre og vokse i åndelig forståelse både som enkeltmennesker og i fellesskap med hverandre. Vi håper du vil nyte disse beskrivelsene av gjestfrihet i ulike muslimske kulturer og bli inspirert til å be på en måte som gjenspeiler deres generøse gjestfrihet.

Takk for at du ber!

Kom gjerne med dine tilbakemeldinger. Kontakt oss gjennom vår nettside www.30dagersbonn.no eller på sosiale medier her:

*facebook.com/30dagersbonn
instagram.com/30dagersbonn*

Årsmelding for Sykepleiernes Misjonsring 2018

Landsstyret

Styret har halde fast ved å møtast to gonger i året; i 2018 møttes vi 14. – 15. mars og 28. september. På vårmøtet møtte også vara representantane. Tildeling av midlar til misjonsorganisasjonane er den største saka på vårmøtet. SMR fekk 15 søknader om prosjekter frå 9 organisasjonar i 2018. Normisjon og Baptistsamfunnet rakk ikkje søknadsfristen. Nytt av året er en søknad frå MAF, Haydom Flights. Misjonsalliansen fekk tildelt prosjektpengar for prosjekt i Kina både i 2017 og 2018, men på grunn nye NGO lover der, har det ikkje vore mulig å gjennomføra prosjektet og pengane blei tilbakeført. Viser elles til skjema med oversikt over tildelingar.

Vi har også brukt tid til blant anna å samtala om ulike senario for SMR framover – og på førebuing til landsmøtet 2019. Styremedlem Torunn Tvedt er med i planlegginga av landsmøtet og det har vore til god hjelp for styret.

Medlemmer og grupper.

Ved dette årskiftet var det 33 grupper, men truleg er det 3-4 som ikkje er aktive. 3 grupper har avslutta i løpet av året: Arendal, (1944) Bømlø (1980) og Harstad (1956). Vi vil gjerne takke dei som har delteke i gruppene, og minna om at det er fullt mogleg å fortsetja som enkeltmedlem sjølv om gruppa blir avslutta.

Vi har 763 medlemmer, 11 nye og 23 utmeldt, de fleste på grunn av høg alder, og 16 er meldt døde.

Økonomi og forvaltning

Vi har færre medlemmer og det er litt nedgang i inntekter frå medlemmer (260/166) og grupper (330/234).

Diakonale prosjekter fekk tildelt midlar for til saman kr 1,4 mil i 2018, og om lag kr 660 000 blei brukt av eigenkapitalen. Styret si oppfatning er

at eigenkapitalen er gåver som er gitt til misjonsarbeidet, og derfor er det rett å gi det vidare, men samtidig trur vi det er rett å styra det slik at om eigenkapitalen skulle ta slutt, må vi førebu givarar og misjonsorganisasjonane på denne endringa. Slik det er no, har vi framleis ein eigenkapital på **kr. 3604109**.

Testamentariske gåver dette året er på **kr. 40 000**. Vi vil takke for arv og minnegåver etter Johanna Erøy og Solbjørg Kavli.

Nytt regnskapssystem og bytte av revisor har vore til hjelp for dagleg leiar.

Hjørdis Sundes Fond

Fondsstyret har hatt ett styremøte i 2018. Vi er glade for at vi kunne tildela kr. 12 634 til kompetanseheving (7134) og eit diakonalt prosjekt i Midt Østen (5500).

Kontoret

Vi takkar Hilde Masvie Ydstebø for at ho framleis er villig til å vera dagleg leiar på frivillig basis. På grunn av arbeidssituasjonen har det vore vanskeleg å få til ein fast dag i veka, men ho har passa på å utføra arbeidet dei dagane ho har kunna vera til stades.

Bønnekort

Nytt oppdatert bønnekort blei sendt ut med blad nummer 4 i 2018. Det er færre namn, men det er gjort plass til namn der vi oppmodar grupper og enkeltpersonar til å skriva «sine» namn.

Misjonsringen/Informasjon

Bladet har kome ut med 4 nummer også i 2018. Frøydis Vestbøstad er vår trufaste redaktør. Ho gjer ein flott jobb med å setja saman stoffet, men melder framleis at det er rom for meir stoff. Dei som har fått tildelt midlar til prosjekt, sender i varierende grad informasjon om utviklinga i prosjekta og

korleis midlane vert nytta. For å betre kommunikasjonen, inviterte landstyret representantar for misjonsorganisasjonane til eit møte 15.mars.

Nettsida er til hjelp for dei som søker informasjon om SMR, men bruken er begrensa. I løpet av året har representantar frå SMR delteke fleire stader med helsing og stand, blant anna på den store generalforsamlinga til NLM. Fleire nye medlemmer kom til på disse samlingane.

Norme (Norsk Råd for Misjon og Evangelisering). Solveig Granseth deltok på årsmøtet til NORME og Reidun Haugen Dalseth deltok på Link konferansen der temaet var: «Jakten på de rette hodene», som handla om rekruttering og motivasjon. Hilde Masvie Ydstebø deltok på leiardag i desember.

Landsmøtet 2019

Mykje av programmet har kome på plass før årskiftet, og vi minner om datoane 13.-16. juni.

Vi håpar å møte mange enkeltmedlemmer, og gjerne grupper der fleire reiser i lag!

Reidun Haugen Dalseth
Styreleiar

14.3.2019

Sykepleiernes Misjonsring

ÅRSREGNSKAP 2018

Org nr 983 954 138

Alle tall i NOK

RESULTATREGNSKAP	2018	2017	Note
Gaver/kontingenter	260166	286546	
Gaver grupper	330234	443523	
Arv & Minnegaver	40000	973657	2
Annen driftsrelatert inntekt/Landsmøte		77	5
Sum driftsinntekter	630400	1703803	
Sum bevilgninger fra SMR	1400000	1600000	3
Adm. utgifter	102233	102154	1
Misjonsringen	131236	73436	
Div andre kontorutgifter, utgifter/Landsmøte		0	
Sum driftskostnader/bevilgninger	1633469	1775590	
Driftsresultat	1633469	1775590	
Renter av bankinnskudd SMR	42629	40801	
Andre finansinntekter	300000	0	3
Netto finansinntekter	342629	40801	
Årsresultat	-660440	-30982	4
Som disponeres:	Fra egenkapital	-660440	-30982
	Til egenkapital		
BALANSE pr. 31.12	2018	2017	Note
Bankinnskudd	3604109	4264549	4
Sum eiendeler	3604109	4264549	
Egenkapital	3604109	4264549	
Sum egenkapital og gjeld	3604109	4264549	

Lovisenberg, 14.03.2018

Reidun Haugen Dalseth
Styreleder

Solveig Granseth
Nestleder

Hilde Masvie Ydstebø/daglig leder

Sykepleiernes Misjonsring

2016-2018

Org nr 983 954 138

Alle tall i NOK


RESULTATREGNSKAP	2018	2017	2016
Gaver/kontingenter	260166	286546	221700
Gaver grupper	330234	443523	515800
Arv & Minnegaver	40000	973657	272000
Annen driftsrelatert inntekt/Landsmøte	0	77	45100
Sum driftsinntekter	630400	1703803	1054800
Sum bevilgninger fra SMR	1400000	1600000	2968100
Adm. utgifter	102233	102154	104500
Misjonsringen	131236	73436	118900
Div andre kontorutgifter, utgifter/Landsmøte	0	0	25200
Sum driftskostnader/bevilgninger	1633469	1775590	3216900
Driftsresultat	1633469	1775590	3216900
Renter av bankinnskudd SMR	42629	40801	53000
Andre finansinntekter	300000	0	0
Netto finansinntekter	342629	40801	53000
Årsresultat	-660440	-30982	-210900
Som disponeres:			
Fra egenkapital	-660440	-30982	-210900
Til egenkapital			
BALANSE pr. 31.12	2018	2017	2016
Bankinnskudd	3604109	4264549	4295500
Sum eiendeler	3604109	4264549	4295500
Egenkapital	3604109	4264549	4295500
Sum egenkapital og gjeld	3604109	4264549	4295500

Lovisenberg, 14.03.2019


Reidun Haugen Dalseth
Styreleder


Solveig Granseth
Nestleder

Hilde Masvie Ydstebø/daglig leder





Treårsmelding 2016 - 2018

Landsmøtet 2016

Landsmøtet blei arrangert i Ulsteinvik 16.-19. juni på Sunnmøre folkehøgskule. Grappa frå Ulsteinvik og grappa i Volda/Ørsta som medhjelparar inviterte. Dei tok seg av det praktiske, og la ting godt til rette. Det var 74 påmeldte deltakarar, og det var meir enn 20 fleire enn det førre landsmøtet – noko vi takka for som eit bønesvar!

Temaet for møtet var Håp, og Wenke Lunde hadde bibeltimar. Misjonærar som deltok med informasjon var, frå Kongo: Anne Britt Eines, Baptist samfunnet, frå Mali: Else Storås Vatne, NMS, frå Nepal: Kristin Böhler, Normisjon og Marit Rasmusen frå Pinsevevnenes Ytremisjon. På festkvelden talte Johanne Leinebø, og der blei også Torbjørg Vikingsdal Andersen takka av som styreleiar etter fullførte to periodar som leiar for SMR. Ranveig Kaldhol talte på avslutningsgudsteneste i Ulstein kyrkje.

Sjølve landsmøtet vedtok blant anna å endra vedtekter for Hjørdis Sundes Fond, slik at meir av midlane kunne delast ut årlig. Dette blei seinare avslått frå Stiftelsestilsynet.

Landstyret/dagleg leiar/redaktør

Reidun Haugen Dalseth blei valt som ny styreleiar, Solveig Granseth nestleiar, Marit Hovde Syltebø sekretær, Torunn Tvedt og Ester Nygaard Røen styremedlemmer. Varamedlemmer: Joy Ingrid Gullestad Røyseland og Reidun Engene.

Hilde Masvie Ydstebø held fram som dagleg leiar på frivillig basis og Frøydis Vestbøstad som redaktør for bladet Misjonsringen.

Styret har hatt møter to gonger i året. På vårmøtet har varamedlemmene også fått innkalling. Der har vi sett på søknadar som har kome inn frå misjonsorganisasjonane og innvilga økonomisk støtte til mange ulike helseprosjekt. Av andre saker som vi har diskutert er korleis vi skal markera 100 års jubileum i 2021, og korleis vi ser framtida for SMR når medlemstal og inntekter går ned. Det siste året, planlegging av nytt landsmøte.

Gaver gitt vidare til helseprosjekt etter søknad

2016: kr 2 968 170, på grunn av store minnegaver i 2015 blei det delt ut ein større sum.

2017: kr 1 600 000, ramme sett av styret

2018: kr 1 400 000, ramme sett av styret

Vurderinga som har vorte gjort, er at gavene som er gitt til SMR, er det vårt ansvar å gi vidare til helseprosjekt slik landsstyret har vedteke. Vi har brukt av oppsamla eigenkapital, men styrt det slik at det skal kunna vera ein viss kontinuitet for misjonsorganisasjonane, men og med ei erkjenning av at tida for å kunna støtta prosjekt på same måten kan ta slutt.

1



Medlemmer og grupper

Trenden med at det blir færre medlemmer og grupper har halde fram også i denne perioden. Nokre av dei eldste gruppene i SMR har måtta gi opp på grunn av høg alder, Bergensgruppa blei starta i 1921 og Stavanger 1922. Vi vil takka for trufast teneste og heidre alle som har vore med i SMR i mange år.

Ei av våre mest aktive medlemmer, Solbjørg Pilskog, blei alvorleg sjuk medan ho var på frivillig opphald i Kamerun tidleg på året i 2016, og døydde kort tid etterpå. Vi er takknemlege for alt ho fekk bety i tenesta ute og alt ho delte med SMR gjennom så mange år.

Oversikt over antal medlemmer og grupper:

2016: 40 grupper og 806 medlemmer

2017: 37 grupper og 789 medlemmer

2018: 33 grupper og 763 medlemmer – og truleg 3-4 grupper som ikkje er aktive

Ein del nye har meldt seg inn, til saman 57. Dei fleste av desse er enkelt medlemmer som ikkje er med i gruppe. Det kan vera fleire grunnar til dette, nokon synes dei har det for travelt, det er ikkje alltid så lett å finna ei gruppe nær der ein bur, og andre gonger kan det vera vanskeleg å koma inn i ei gruppe når dei som er med frå før har kjent kvarandre lenge og kanskje alderen er høg.

Til tross for nedgang i aktivitet, kan vi gleda oss over at det framleis er mange som er med i fellesskapet i grupper, mange som ber og mange som gir. Utfordring: Kanskje nokon av desse enkeltmedlemmene kan invitera til nye fellesskap?

Kontoret

SMR har framleis plass på Lovisenberg, der vi har våre røter. På hausten i 2016 var det renovasjons arbeid der, og det blei nødvendig å flytta safen med arkiv. Takk til NLM som på kort varsel let oss få plass til safen på Fjellhaug sitt lokale arkiv.

I perioden har vi skifta til nytt og betre rekneskapsprogram og vi fekk ny revisor. Begge deler har fungert godt og letta arbeidet til dagleg leiar. Når det gjeld økonomi, viser vi ellers til økonomirapporten.

Bønnekortet

Bønnekortet har blitt sendt ut i lag med medlemsbladet, vanlegvis siste bladet i året. På grunn av færre utsendingar generelt i organisasjonane, er det også færre namn på bønnekortet. Men vi blir minna på å be for dei som arbeider på sensitive stader, og vi har gitt rom for å skriva egne namn i tillegg, for eksempel på nasjonale medarbeidarar.



Misjonsringen og internett

I 2017 spurte vi medlemmene om vi skulle gå ned til 3 nummer i året. Det var det ikkje eit ynskje om, og bladet har kome ut 4 gonger i året. Tilgangen til stoff er varierende. Det er eit ynskje frå SMR si side at misjonsorganisasjonane sender stoff frå prosjekta vi støttar, og det skjer også i varierende grad. I september 2018, hadde styret eit møte med representantar for misjonsorganisasjonane for gjensidig informasjon, der det igjen blei oppmuntra til å senda inn stoff. Nytt frå gruppene er også fint å få.

Heimesida kan vere viktig for dei som ikkje kjenner arbeidet, og vi opprettheld både den og Facebook sida, sjølv om aktiviteten ikkje er stor.

NORME

Vi er medlemmer i Norsk råd for Misjon og Evangelisering, NORME. Vi har delteke på årsmøter, den årlege Link konferansen og Leiardag som NORME inviterer til ein dag i desember.


Reidun Haugen Dalseth er med i styret til Member Care Europe som representant for NORME.

Deltaking på andre møter/stevner

Av andre konferansar der vi har vore til stades for å representere SMR, kan vi nemna: stand på Nordisk kvinne konferanse, Kristiansand, medarrangør av Helsemisjonskonferanse 2017, Stavanger, stand på landsmøter og sommarstevner; NLM, NMS og HimalPartner. Ester Røen representerte SMR på landsmøtet til søsterorganisasjonen vår i Danmark, SMF, sommaren 2017.


Herand, 13.03.2019


Reidun Haugen Dalseth


Ester Røen


Siri Grauseth

Joy Røypeland


Tonunn Tvedt

Reidun Engen

FONDET HJELP I SYKDOM OG NØD

ÅRSMELDING 2018

Fondets formål er å støtte misjonssykepleiere i deres arbeid med å forebygge, behandle og lindre sykdom og nød. Virksomheten holder til på Lovisenberg i Oslo kommune. Fondet har ingen ansatte. Styret består av 3 kvinner. Det er ikke sett behov for å gjennomføre særskilte likestillingstiltak. Fondets virksomhet forurenser ikke det ytre miljø.

Forutsetningen om fortsatt drift er lagt til grunn for utarbeidelsen av regnskapet.

Fondsstyret har hatt ett styremøte i løpet av 2018. Forvaltning av kapital ble ivaretatt.

Det ble i 2018 tildelt kr 12634 til to prosjekt: "Shrine"; kvinnegrupper i Midtøsten, ble tilgodesett med kr 5500. Resterende sum, 7134 kr bevilges til kompetanseheving av Frontiers Norden sin utsending i Midtøsten.

Egenkapitalen 31.12.2018 er på kr **1 710056**

Årets resultat er kr **10 056** som er disponibel egenkapital og kan disponeres til prosjekter i 2019.

Lovisenberg, 14. mars 2019


Reidun Haugen Dalseth
Styreleder


Hilde Masvie Ydstebo
Daglig leder


Solveig Granseth
Nestleder

Fondet Hjelp i sykdom og nød 2018

ÅRSREGNSKAP 2018 /HSF

Org nr 991 236 481

Alle tall i NOK

RESULTATREGNSKAP	2018	2017	2016	Note
Inntekter				
Renter av bankinnskudd	23415	26 335	21 787	4
Sum driftsinntekter	23415	26 335	21 787	
Kostnader				
Adm. Utgifter- Lotteritilsynet	4640	4 640	10 109	1
Revisjon	8719	8 438	12 953	
Bevilgninger	12634	0	88 000	2
Sum driftskostnader	25993	13 078	111 062	
Årsresultat	-2578	13 257	-89 275	
Som disponeres:	Til annen egenkapital			
BALANSE pr. 31.12	2018	2017	2016	Note
Bankinnskudd	1710056	1 710 721	1 699 117	5
Kortsiktige fordringer	0	1 913	260	6
Sum eiendeler	1710056	1 712 634	1 699 377	
Grunnkapital	1700000	1 700 000	1 700 000	
Annen egenkapital	10056	12 634	-623	3
Sum egenkapital og gjeld	1710056	1 712 634	1 699 377	

Lovisenberg, 14.03.2019

Reidun Haugen Dalseth
SMR styreleder

Hilde Masvie Ydstebø
Daglig leder

Solveig Granseth
Nestleder

2019	2019		
Organisasjon	Navn på prosjekt	LS Vedtak 7/19	
1	Den Norske Israelsmisjon, Ebenezer	Planlegge oppgradering av sykehjemsavdeling Ebenezer	50000
2	NLM Mongolia, PRI 1	Strengthening Youth Social Situation	80000
3	NLM Indonesia, DINGI 90%, PRI 2	Mental Health Pilot Project Indonesia,	40000
4	NMS Egypt, PRI 2	Diakonalt senter i Kairo	50000
5	NMS Kamerun, PRI 3	Helse og sosiale tjenester i Kamerun	0
6	NMS Madagaskar, PRI 1	Mor barn helse	60000
7	NMS, Mali, Pri 4, DIGNI 90%	Landsbyutvikling, kamp mot omskjæring	0
8	NMS Etiopia, PRI 5	Safe Motherhood project, Blånildalen	0
9	Normisjon Nepal, pri 1	Byggekrav knyttet til sykepleierskolen sitt bygg, Okhald.	75000
10	Normisjon i India pri 2	Oppgradering MOHULPAHARI Chr. Hospital	50000
11	Misjonsalliansen Liberia, DIGNI 90?%	Vann & Holdningsskapende arbeid SGBV	120000
12	Bangladesh Santal Friends	Bygge ny klinikk	30000
13	KMM Senegal, PRI 1	Driftsutgifter, klinikk og arbeid blant handicappede, brønn	70000
14	KMM India, PRI 2	Driftsutgifter til Sajinipara Medical Centre & Nybygg	40000
15	HimalPartner Tibet	Mental Helse i tibetanske områder, Kina	80000
16	Baptistsamfunnet	Fødestue i Mabangu, Kongo	80000
17	MAF	Haydom Medical Flights	50000
18	Pinsemisjonen (Digni 90%)	Mor barn helse & Psykisk helsehjelp ved seksualisert vold	75000
19	Frontiers Norden	Innkjøp av bil for å følge opp beduiner, Jordan	50000
Totalt		1000000	

15.3.2019 Reidun Haugen Dalseth
Styreleder

Hilde Masvie Ydstebø
Daglig leder

Reidun H. Dalseth

Hilde M. Ydstebø

Minnegave

Takk for minnegave etter Astrid Sofie Ottosen, kr 4300,-
Vi lyser fred over savn og minner.

Vennlig hilsen
Hilde M. Ydstebø
Daglig leder Sykepleiernes Misjonsring



Å tro det er å legge seg ned ved korsets fot
Og begge armer strekke vår Herre Krist imot

Å tro det er å slippe sin egen herlighet
og fly til nådens klippe, til Jesu kjærlighet.

Å tro det er å bygge sitt liv på Herrens Ord
Og søke fred og lykke kun der hvor Jesus bor.

Å tro det er å hvile på Hans fullbrakte verk
Mot døden kunne smile, i sorgen være sterk.

Å tro det er å takke, Guds vei er nådens vei
Og titt det oppad bakke, gudsbarnet klager ei.

Å tro det er å tage sin Frelser fast i hånd
Og vandre alle dager veiledet av hans Ånd.

Retur og adresseforandring til:
SMR's kontor
Lovisenberggt. 15 A,
0456 Oslo



EF. 1,12

MISJONSRINGEN utgis av Sykepleiernes Misjonsring

Lovisenberggt. 15 A, 0456 Oslo, tlf. 47 67 87 97

Bankgiro: 1609.51.13676

Vipps: 560952

E-post: SMR@Lovisenberg.no

SMRs hjemmeside: www.misjonsringen.no

Leder: Reidun Haugen Dalseth

Øvre Tveitehagen, 5628 Herand, mobil: 468 16 081

Redaktør: Frøydis Vestbøstad,

Gulbrandsveien 11, 7088 Heimdal, mobil: 93 80 67 48

E-post: froydisvest@gmail.com

Daglig leder: Hilde Masvie Ydstebø, mobil: 47 67 87 97

ISSN 1892-7416

**Neste nummer kommer i september.
Frist for innsendelse av materiell
er 26. august 2019**